

REGULERINGSFØRESEGNER FOR HYTTEOMRÅDE PÅ NYSÆTRA (FOR DEL AV GNR.96 BNR.1)

§1 PLANOMRÅDET

1.1

Det regulerede området er vist med reguleringsgrenser på kart i målestokk 1:1000. Arealet innanfor denne grenselinja er regulert til:

- Bygeområde for hytter/fritidshus.
- Landbruksområde
- Trafikkområde (felles gangveg, parkeringsplass)

1690 ads
29.11.99
212 88P

Bev.

§2 BYGGEOMRÅDE FOR HYTTER/FRITIDSHUS

2.1

Hytte nr. 1,2,3,5,6,7 og 8 skal vere punktfeste, medan tomte for hytte nr.4 skal frådelaast som eigeidomstomt.

2.2

- I området kan det oppførast frittliggande hytter/fritidshus i 1 etasje + loft. Bygga skal kunne ha kjellar der terrenget gjer dette naturleg/mogeleg.
- Tillatt bebygd areal, BYA = 10%, maksimalt 100 m².
- Hytter/fritidshus vert tilrådd plassert med møneretning som vist på planen, men anna plassering kan godtakast dersom den fell naturleg inn i terrenget.
- På kvar enkelt tomt kan det i tillegg oppførast eit frittståande uthus, med tillatt bebygd areal, BYA på 15m² i ein etasje.
- Materialbruk, form og farge på bygningar skal veljast i samsvar med lokal byggeskikk. Takvinkel, gesimshøgde og grunnmurshøgde skal veljast slik at nybygg fell naturleg inn i terrenget.

§ 3 LANDBRUKSOMRÅDE

3.1

- Området skal nyttast til tradisjonell landbruksdrift (jordbruk/skogbruk)

§ 4 TRAFIKKOMRÅDE

4.1

- parkeringsplass skal opparbeidast etterkvart som behovet melder seg.
- Alle tomter innanfor planen skal ha rett til parkeringsplass for 2 bilar. Andre hytteeigarar i området kan nytte parkeringsplassen etter avtale med grunneigar.

4.2

- Alle tomter innanfor planen skal ha rett til tilkomst via felles gangveg. I forbindelse med nybygg, kan det i anleggsperioden køyrast på gangvegen med traktor eller liknande køyretøy.

§ 5 FELLESBESTEMMELSER

5.1

- Ved utbygging skal kulturlandskapet ivaretakast i størst mogleg grad.

5.2

- Reguleringsføresegnene kjem i tillegg til plan- og bygningslova og dei gjeldande bygningsvedtektene for Ørskog kommune. Det er ikkje tillate ved private servituttar å etablere forhold som strid mot desse føresegnene.

5.3

- Unntak frå desse reguleringsføresegnene kan, der særlege grunnar talar for det, tillatast av bygningsrådet, innanfor ramma av plan- og bygningslova.

5.4


- Eksisterande bruksrettar i området skal ligge uendra.

Dette forslaget til reguleringsføresegner er utarbeidd av Trond Alstadsæter i samarbeid med grunneigar Otto Magne Ekornes.

Sjøholt 10.08.1999.

Revidert 14.11.1999.

Sjøholt den 15/5 2001



Knut Harstad *

Ordfører